



Innkalling
av
Utval for næringsutvikling og drift

Møtedato: 23.03.2022
Møtestad: Kommunehuset, Frekhaug
Møtetid: 12:00 - 17:00

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
008/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
009/22	Godkjenning av møteprotokoll
010/22	Innspeil til Regional transportplan 2022-2033 - økonomisk handlingsprogram og investeringsprogram
011/22	Partnerskapsavtale Nordhordland næringslag 2022 - 2023
012/22	Prosjekt næringsvenleg forvaltning
013/22	Rolle og arbeidsform for politiske styringsgrupper
014/22	Samarbeidsavtale og økonomisk tilskot Greenspot Mongstad
015/22	Tildeling kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemder
016/22	Vedlikehaldsplan 2022 - Bygg og eigeedom
017/22	Meldingar til utval for næringsutvikling og drift 23.03.2022

16. mars 2022

Stian Lavik
møteleiar

Arthur Kleiveland
møtesekretær

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 16.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
008/22	Utval for næringutvikling og drift	23.03.2022

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 16.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
009/22	Utval for næringutvikling og drift	23.03.2022

Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.



Møteprotokoll for Utval for næringsutvikling og drift

Møtedato: 09.02.2022
Møtestad: Kommunehuset, Frekhaug
Møtetid: 12:00 - 14:35

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Stian Lavik	KRF	Utvalsleiar
Mabel Johansen	H	Nestleiar
Liv Høpland van der Kooij	SP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Yngve Walaker	UAVH	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Øyvind Bratshaug	H	Medlem
Anita Bakken	MDG	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Anders Ingar Solheim	UAVH	Øyvind Bratshaug-H

Det møtte 6 av 7 medlemmar i utval for næringsutvikling og drift

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Hogne Haugsdal-kommunalsjef, Anny Bastesen-kommunalsjef, Line Thuen Waage-samfunnsplanleggar, Tove Hagenes-hovudprosjektleiar samfunnsutvikling, Mikkel Bengtsson-landbruk, Arthur Kleiveland-møtesekretær

- Einar Vaage-prosjektleiar for Green Spot Mongstad orienterte om Industriutvikling Vest og Green Spot Mongstad
- Baste Tveito-dagleg leiar i Nordhordland næringslag orienterte om status for næringslivet
- Anne-Lise Wilkensen-marknadskoordinator i NAV Region Nordhordland orienterte om situasjonen for sysselsetting/arbeidsmarknad i regionen

Sakliste

Saknr	Tittel
001/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/22	Godkjenning av møteprotokoll
003/22	Ny lokal forskrift om jakt og fastsetting av minsteareal som grunnlag for tildeling av fellingsløyve på hjort i Alver kommune
004/22	Strøyming av møte i politiske styringsgrupper
005/22	Til uttale - kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034
006/22	Mandat for Strategisk næringsplan
007/22	Meldingar til utval for næringsutvikling og drift

001/22: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Utval for næringutvikling og drift 09.02.2022:

Behandling:

Utvalet godkjende samrøystes innkalling og saksliste.

ND- 001/22 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

002/22: Godkjenning av møteprotokoll

Utval for næringutvikling og drift 09.02.2022:

Behandling:

Møteprotokoll for 15.12.2021 vart samrøystes godkjend.

ND- 002/22 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjend.

003/22: Ny lokal forskrift om jakt og fastsetting av minsteareal som grunnlag for tildeling av fellingsløyve på hjort i Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyret vedtek framlegg til lokal forskrift om jakt og fastsetting av minsteareal som grunnlag for tildeling av fellingsløyve på hjort i Alver kommune vert vedteke.

Vedtaket har heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 6.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Utval for næringutvikling og drift 09.02.2022:

Behandling:

Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Utval for næringsutvikling og drift støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak, med følgjande tillegg:
Hjortejaktvald 4631v0016 "Nordangervågen" nord på Radøy vert gjort til eiga arealsone for minsteareal, på 200 daa. Administrasjonen får fullmakt til å oppdatera den lokale forskrifta slik at dette vert riktig i teksten elles.

Lavik sitt tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke.

ND- 003/22 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift kjem med følgjande uttale:

Utval for næringsutvikling og drift støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak, med følgjande tillegg:
Hjortejaktvald 4631v0016 "Nordangervågen" nord på Radøy vert gjort til eiga arealsone for minsteareal, på 200 daa. Administrasjonen får fullmakt til å oppdatera den lokale forskrifta slik at dette vert riktig i teksten elles.

004/22: Strøyming av møte i politiske styringsgrupper

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Når politiske styringsgrupper er samla til vedtaksmøte skal møta strøymast
- Når politiske styringsgrupper er samla til arbeidsmøte skal møta ikkje strøymast.
- Reglement for politisk styringsstruktur blir oppdatert i tråd med vedtaket.

Utval for helse og omsorg 08.02.2022:

Behandling:

Alexander Helle-R sette fram følgjande endringsframlegg i kulepunkt 2:
Når politiske styringsgrupper er samla til arbeidsmøte skal møta strøymast.

På vegne av samarbeidspartia SP, AP og KRF sette May-Irene Wergeland-SP fram følgjande endringsframlegg:

- *Når politiske styringsgrupper er samla til vedtaksmøte skal møta i hovudsak strøymast*
- *Når politiske styringsgrupper er samla til arbeidsmøte skal møta i hovudsak ikkje strøymast*
- *Reglement for politisk styringsstruktur blir oppdatert i tråd med vedtaket*

Helle-R sitt framlegg fekk to røyster og fall (A.Helle-R, Roy Bø-Uavh.)

Samarbeidspartia sitt framlegg vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg.
Rådmannn sitt framlegg fekk 0 røyster og fall.
Samarbeidspartia sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

HO- 004/22 Vedtak:

Utval for helse og omsorg kjem med følgjande uttale i saka:

- Når politiske styringsgrupper er samla til vedtaksmøte skal møta i hovudsak strøymast

- Når politiske styringsgrupper er samla til arbeidsmøte skal møta i hovudsak ikkje strøymast
- Reglement for politisk styringsstruktur blir oppdatert i tråd med vedtaket

Utval for næringsutvikling og drift 09.02.2022:

Behandling:

Liv Hopland van der Kooij-SP sette fram følgjande endringsframlegg:

- Når politiske styringsgrupper er samla til vedtaksmøte skal møta i hovudsak strøymast
- Når politiske styringsgrupper er samla til arbeidsmøte skal møta i hovudsak ikkje strøymast.
- Reglement for politisk styringsstruktur blir oppdatert i tråd med vedtaket.

Framlegg frå Hopland van der Kooij vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg.

Rådmannen sitt framlegg fekk 0 røyster og fall.

Liv Hopland van der Kooij sitt framlegg fekk 6 røyster og vart samrøystes vedteke.

ND- 004/22 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift kjem med følgjande uttale:

- Når politiske styringsgrupper er samla til vedtaksmøte skal møta i hovudsak strøymast
- Når politiske styringsgrupper er samla til arbeidsmøte skal møta i hovudsak ikkje strøymast.
- Reglement for politisk styringsstruktur blir oppdatert i tråd med vedtaket.

005/22: Til uttale - kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eldreråd 07.02.2022:

Behandling:

Kirsti Gjetle Floen sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Frivillighetssentralene skal vera desentralisert slik dei er i dag - med sentralar i Knarvik, på Manger og Frekhaug.

Jostein Dale sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Austmarka vert teke med som nærsenter.

Olav M. Steinsland sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Under "Prinsipp for bustadutvikling" bør omsynet til aldersvenleg lokalsamfunn leggast stor vekt på, og kvalitetskrav til bustad- og sentrumsområde må koma tydelegare fram.

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegga sett fram i møtet.

Eldrerådet sluttar seg til hovudtrekka i kommuneplanen sin samfunnsdel, med tilleggsframlegg i møtet.

ER- 006/22 Vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande uttale til kommuneplanen sin samfunnsdel:

Eldrerådet sluttar seg til hovudtrekka i kommuneplanen sin samfunnsdel, med følgjande tillegg:

- Frvillighetssentralene skal vera desentralisert slik dei er i dag - med sentralar i Knarvik, på Manger og Frekhaug.
- Austmarka vert teke med som nærsenter.
- Under "Prinsipp for bustadutvikling" bør omsynet til aldersvenleg lokalsamfunn leggest stor vekt på, og kvalitetskrav til bustad- og sentrumsområde må koma tydelegare fram

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 07.02.2022:

Behandling:

Fellesframlegg v/Magne Bjørndal og Reidar Knutsen:

5.1. pkt 4 No står det:

"Pkt. 4. Trygge, friske og livsglade innbyggjarar

Vi vil at innbyggjarane våre skal ha det godt. Vi vil sikre at alle innbyggjarar i kommunen kjenner at dei høyrer til her, kan delta og bidra. Vi vil leggje til rette for at kvar og ein kan skape meningsfylte liv og får den hjelpa og støtta dei treng - frå starten til slutten av livet. Vi vil ha gode oppvekstmiljø med trygge lokalsamfunn, barnehagar og skular. Vi vil sikre at eldre kan bu heime og klare seg sjølv lengst mogleg."

Tilleggsframlegg:

Pkt. 4. Ein kommune der mangfald er ein styrke

Vi vil at innbyggjarane våre, med eit mangfald i alder, kulturell bakgrunn, livssyn, helsetilstand, funksjonsevne og andre ulikskapar utfyller kvarandre og gjev kvarandre rikare liv ved å delta og bidra ut frå kvar sine føresetnader. Vi vil leggje til rette for at kvar og ein kan skape meningsfylte liv og får den hjelpa og støtta dei treng - frå starten til slutten av livet. Vi vil ha gode oppvekstmiljø med trygge lokalsamfunn, barnehagar og skular. Vi vil både sikre at eldre kan bu heime og klare seg sjølv lengst mogleg, og at innbyggjarar i alle aldrar som av ulike grunnar treng heildøgns omsorg får det.

I planframlegget pkt. 5.2 står det: «Vi skal samarbeide med næringsliv og frivilligheita for å få på plass eit regionalt kulturhus og svømmehall.»

RMNF bed om fylgjande tillegg pkt. 5.2: *Dette skal likevel ikkje føre til at aktiviteten i ulike typar forsamlingshus rundt om i kommunen vert skadelidande.*

5.2 Hovudmål 4 Det står: "Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse."

Tilleggsframlegg pkt 5.2 Hovudmål 4: *Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet og trygge oppvekstvilkår uavhengig av helsetilstand, kulturell bakgrunn, funksjonsevne og andre ulikskapar.*

5.3:

Det står: "Vi skal vere ein imøtekommande og open kommune, og leggje til rette for at alle innbyggjarar får god informasjon og rettleiing om kommunen sine tenester."

Tilleggsframlegg pkt 5.3: *Vi skal vere ein imøtekommande og open kommune, og leggje til rette for at alle innbyggjarar får tilpassa og tilgjengeleg informasjon og rettleiing om kommunen sine tenester.*

Det står: "Vi skal jobbe målretta med kompetanseutvikling og rekruttering for å sikre rett kompetanse til å løyse framtidige behov og oppgåver."

Tilleggsframlegg pkt.5.3: Vi skal jobbe målretta med kompetanseutvikling og rekruttering for å sikre rett kompetanse til å løyse framtidige behov og oppgåver. Rekrutteringa skal sikta mot at dei tilsette speglar mangfaldet blant kommunen sine innbyggjarar.

Framlegg frå Else Marie Dale-Krf:
Austmarka vert lagt til som nærsenterområde.

RMNF vedtok samrøystes framlegga sett fram i møtet.

RMNF sluttar seg til hovudtrekka i kommuneplanen sin samfunnsdel, med tilleggsframlegg i møtet.

RMNF- 003/22 Vedtak:

Uttale frå RMNF - 07.02.2022:

RMNF sluttar seg til hovudtrekka i kommuneplanen sin samfunnsdel, med følgjande tillegg:

Pkt. 4. Ein kommune der mangfald er ein styrke

Vi vil at innbyggjarane våre, med eit mangfald i alder, kulturell bakgrunn, livssyn, helsetilstand, funksjonsevne og andre ulikskapar utfyller kvarandre og gjev kvarandre rikare liv ved å delta og bidra ut frå kvar sine føresetnader. Vi vil leggje til rette for at kvar og ein kan skape meningsfylte liv og får den hjelpa og støtta dei treng - frå starten til slutten av livet. Vi vil ha gode oppvekstmiljø med trygge lokalsamfunn, barnehagar og skular. Vi vil både sikre at eldre kan bu heime og klare seg sjølv lengst mogleg, og at innbyggjarar i alle aldrar som av ulike grunnar treng heildøgns omsorg får det.

RMNF bed om fylgjande tillegg pkt. 5.2: Dette skal likevel ikkje føre til at aktiviteten i ulike typar forsamlingshus rundt om i kommunen vert skadelidande.

Framlegg pkt 5.2 Hovudmål 4: Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet og trygge oppvekstvilkår uavhengig av helsetilstand, kulturell bakgrunn, funksjonsevne og andre ulikskapar.

Framlegg pkt 5.3: Vi skal vere ein imøtekommande og open kommune, og leggje til rette for at alle innbyggjarar får tilpassa og tilgjengeleg informasjon og rettleiing om kommunen sine tenester.

Framlegg pkt.5.3: Vi skal jobbe målretta med kompetanseutvikling og rekruttering for å sikre rett kompetanse til å løyse framtidige behov og oppgåver. Rekrutteringa skal sikta mot at dei tilsette speglar mangfaldet blant kommunen sine innbyggjarar.

Austmarka vert lagt til som nærsenterområde.

Ungdomsråd 07.02.2022:

Behandling:

Orienterig i saka v/Line Thuen Waage

UR- 005/22 Vedtak:

Ungdomsrådet tek saka til orietering og kjem tilbake med innspel i samband med dialogmøtet 8.2.

Utval for helse og omsorg 08.02.2022:

Behandling:

Line Thuen Waage-samfunnsplanleggjar orienterte i saka.

Alexander Helle-R sette fram følgjande tilleggssframlegg under punkt 6.2 "prinsipp for bustadutvikling" - nytt hovudkulepunkt:

Vi skal sikre sosial bustadbygging

Helle sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Utvalet vedtok samrøystes å ta kommuneplanen sin samfunnsdel til orientering med tilleggspunkt sett fram i møtet.

HO- 006/22 Vedtak:

Utval for helse og omsorg kjem med følgjande uttale til kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034:

Utval for helse og omsorg tar kommuneplanen sin samfunnsdel til orientering med tillegg av nytt kulepunkt under punkt 6.2 "Prinsipp om bustadutvikling":

Vi skal sikre sosial bustadbygging.

Utval for næringsutvikling og drift 09.02.2022:

Behandling:

Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande framlegg til uttale:

Utvalet tek kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034 til orientering.

Utvalet vedtok samrøystes utvalsleiaren sitt framlegg til uttale.

ND- 005/22 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift kjem med følgjande uttale:

Utvalet tek kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034 til orientering.

006/22: Mandat for Strategisk næringsplan

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift vedtar mandat for strategisk næringsplan for Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 09.02.2022:

Behandling:

Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande endringsframlegg:

Utval for næringsutvikling og drift støttar framlegg til mandat for arbeidet med strategisk

næringsplan, med følgjande endringar:

Ordet "nyskaping" blir byta ut med "skalering" i punktlista over forslag til arbeidsgrupper, under kapittel 5.2 Interessentar.

Stian Lavik sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

ND- 006/22 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift kjem med følgjande utfale:

Utval for næringsutvikling og drift støttar framlegg til mandat for arbeidet med strategisk næringsplan, med følgjande endringar:

Ordet "nyskaping" blir byta ut med "skalering" i punktlista over forslag til arbeidsgrupper, under kapittel 5.2 Interessentar

007/22: Meldingar til utval for næringsutvikling og drift

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Utval for næringutvikling og drift 09.02.2022:

Behandling:

Det vart lagt fram følgjande meldingar og orienteringar:

- Einar Vaage-prosjektleder for Green Spot Mongstad orienterte om Industriutvikling Vest og Green Spot Mongstad
- Baste Tveito-dagleg leiar i Nordhordland næringslag orienterte om status for næringslivet i regionen og om Ringvg Aust/Nordhordlandstunnelen.
- Anne Lise Wilkensen orienterte om situasjonen for sysselsetting/arbeidsmarknad i regionen
- Hogne Haugsdal-kommunalsjef orienterte om kommunalt næringsarbeid og rekruttering av næringsressurs
- Anny Bastesen-kommunalsjef gav status for bemanning/kapasitet på byggesaks-avdelinga
- Tove Hagenes-hovudprosjektleder orienterte om oppfølging av Right Mongstad-prosjektet - Pilot fase 2

Utvalsleder Stian Lavik-KRF sette fram følgjande framlegg:

Utval for næringsutvikling og drift takkar for gode orienteringar.

Utvalet meiner det er avgjerande at midlane som er sett av til auka ressursar i næringsseksjonen vert brukt der, då det er klare signal frå næringslivet om trong for auka kapasitet der. Samstundes kan det vera klokt å avventa tilsetjing til ein har på plass mål og retning i kommuneplan og strategisk næringsplan.

Utvalet ser med stor interesse på prosessane som no er i gang rundt GreenSpot Mongstad. Dette arbeidet er avgjerande viktig for Alver og regionen, og utvalet ønskjer vidare orienteringar etter kvart som det er interessant utvikling.

Utval for næringsutvikling og drift ser med uro på at ordninga for arbeidsgjevarperioden for sjukemeldingar i tida som kjem, med forventna høgare tal på sjukemeldingar i samband med Korona, ser ut til å bli ei stor belastning for næringslivet. I tillegg er det også urovekkjande at høge straumprisar no trugar fleire lokale verksemdar. Utvalet vil støtta initiativa NONL tar med

å løfta denne saka gjennom Næringsalliansen for Vestland.

Utvalet er glade for at arbeidsløysa no er låg og at tala viser ein god trend. Det er godt at NAV har fokus på sjukefråver og tiltak for å hjelpa folk tilbake til arbeid igjen. Det er også spennande å høyra om utviklingsprosjektet og det virtuelle kompetansesenteret. Utvalet set pris på å få jamnelege orienteringar frå NAV.

Utvalet er glade for at det er tilsett i alle stillingar innanfor byggesak og at ein arbeider med å ta igjen saksmengden frå tidlegare. Det er kjekt å sjå at det er stor aktivitet frå innbyggjarar og næringsliv på dette feltet, og at kommunen er i utvikling.

Utvalet vedtok samrøystes utvalsleiaren sitt framlegg til vedtak.

ND- 007/22 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift takkar for gode orienteringar.

Utvalet meiner det er avgjerande at midlane som er sett av til auka ressursar i næringsseksjonen vert brukt der, då det er klare signal frå næringslivet om trong for auka kapasitet der. Samstundes kan det vera klokt å avventa tilsetjing til ein har på plass mål og retning i kommuneplan og strategisk næringsplan.

Utvalet ser med stor interesse på prosessane som no er i gang rundt GreenSpot Mongstad. Dette arbeidet er avgjerande viktig for Alver og regionen, og utvalet ønskjer vidare orientering etter kvart som det er interessant utvikling.

Utval for næringsutvikling og drift ser med uro på at ordninga for arbeidsgjevarperioden for sjukemeldingar i tida som kjem, med forventta høgare tal på sjukemeldingar i samband med Korona, ser ut til å bli ei stor belastning for næringslivet. I tillegg er det også urovekkjande at høge straumprisar no trugar fleire lokale verksemdar. Utvalet vil støtta initiativa NONL tar med å løfta denne saka gjennom Næringsalliansen for Vestland.

Utvalet er glade for at arbeidsløysa no er låg og at tala viser ein god trend. Det er godt at NAV har fokus på sjukefråver og tiltak for å hjelpa folk tilbake til arbeid igjen. Det er også spennande å høyra om utviklingsprosjektet og det virtuelle kompetansesenteret. Utvalet set pris på å få jamnelege orienteringar frå NAV.

Utvalet er glade for at det er tilsett i alle stillingar innanfor byggesak og at ein arbeider med å ta igjen saksmengden frå tidlegare. Det er kjekt å sjå at det er stor aktivitet frå innbyggjarar og næringsliv på dette feltet, og at kommunen er i utvikling.

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-121
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 16.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
010/22	Utval for næringutvikling og drift	23.03.2022
049/22	Utval for areal, plan og miljø	23.03.2022
	Alver formannskap	

Innspel til Regional transportplan 2022-2033 - økonomisk handlingsprogram og investeringsprogram

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune ber om at:

1. Alverstraumen bru vert finansiert og etablert snarast mogeleg.
2. arbeidet med G/S-veg på Fv 57, strekninga Skodvin – Mongstad, vert starta opp snarast råd.
3. fylkeskommunen deltek økonomisk og som utøvande i årets innmelde Miljøløftprosjekt på fylkesvegane i Alver.
4. fylkeskommunen legg opp til eit tett samarbeid med kommunen for å få mest mogeleg veg for pengane og viser her til opplisting av aktuelle prosjekt i kommunen.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for næringsutvikling og drift

Saka skal til uttale i utval for areal, plan og miljø

Saka skal til avgjerd i formannskapet

Saksopplysningar:

Fylkestinget vedtok 16. desember 2021 Regional transportplan 2022-2033 for Vestland (RTP), sjå Politisk Utval (vlfk.no). Saman med planen vedtok Vestland fylkesting handlingsprogram for RTP. Det vedtekte handlingsprogrammet omtala ikkje konkrete prosjekt i investeringsprogrammet.

Fylkestinget gjorde på dette grunnlag m.a. slikt vedtak i saka:

2. «Fylkestinget sluttar seg til at investeringsprogrammet skal innarbeidast i handlingsprogrammet for Regional transportplan 2022-2033 og vert lagt fram for handsaming i fylkestinget i juni 2022. Fylkestinget ber om at investeringsprogrammet vert sendt til kommunane for innspel før endeleg vedtak.»

Utkast til økonomisk handlingsprogram og investeringsprogram for perioden 2022- 2033 er no utarbeidd og sendt kommunane med mogelegheit for innspel, - med frist innan fredag 1.

april 2022.

Utkastet kan lastast ned frå

<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/fylkesveg/rtp/ok-handlingsprogram-og-investeringsprogram---utkast-innspeil-til-kommunane-feb-2022-1.pdf>

Bakgrunn

Prosessen med regional transportplan 2022-2033 viser at det er store behov i fylket. Det økonomiske handlingsprogrammet viser at dei økonomiske rammene fylkeskommunen har til disposisjon, vil vere langt frå tilstrekkelege for å kunne møte det store behovet i fylket for drift, vedlikehald og investeringar innan samferdsel.

I gjeldande økonomiplanperiode 2022-2025 er det i investeringsprogrammet til fylkeskommunen avsett midlar som skal fordelast i samband med vedtak av «Investeringsprogrammet til Regional transportplan» i juni 2022. I tillegg er det lagt opp til at finansutvalet i fylkeskommunen skal fastsetje investeringsrammer for 2026 i mars 2022. Investeringsprogrammet skal avklare fordeling av midlar i komande økonomiplanperiode 2023-2026, samt utarbeide ein langsiktig portefølje av større prosjekt som kan realiserast i resten av planperioden fram til 2033.

Det vidare arbeidet med investeringsprogrammet skal m.a. avklare to forhold:

- Kor mykje midlar som skal avsetjast til rammeløyvingar for mindre tiltak. I Regional transportplan 2022-2033 er det peikt på at det er store behov for rammeløyvingar til trafikktryggleik/mindre utbetringar, gang- og sykkelprosjekt, kollektivtiltak,, tunneloppgradering samt til utbetring av bruer og kaiar. Ut frå dette er det gjort ei vurdering av kva som vil vere tilgjengeleg ramme når det vert teke omsyn til behovet for å vidareføre midlane til rammeløyvingane, i tillegg til naudsynt vedlikehald av bru og kai for å sikre fortsett framkome.
- Porteføljen av store prosjekt. Det er silt ut ein del prosjekt som er aktuelle for lister for investeringsprosjekt som kan realiserast i perioden. Slik dei økonomiske rammene er i dag, er det ikkje grunnlag for å kunne realisere alle dei nemnte prosjekta. Det er vidare føreslått å bruke opp mot 200 mill. kr. årleg til strekningsvise prosjekt på det overordna vegnettet.

Utkastet til økonomisk handlingsprogram inneheld ikkje eit endeleg forslag til fordeling av midlar, men vurderer fordelinga mellom ulike føremål i investeringsprogrammet. Vidare vert prosjekt som er vurderte som aktuelle for oppstart i perioden omtala. Prosjekta er delt inn i prosjekt som kan realiserast i komande økonomiplanperiode 2023-2026, og prosjekt som er aktuelle fram mot utgangen av planperioden i 2033. Prosjekta er ikkje i prioritert rekkjefølgje. Det er grunn til å presisere at med dagens nivå på løyvingane vil det ikkje vere rom for å prioritere alle prosjekta som er nemnde i utkastet til investeringsprogram. Det vil følgjeleg vere naudsynt med ytterlegare prioritering mellom prosjekta.

Fylkeskommunen arbeider opp mot sentrale styresmakter for å styrkje løyvingane til fylkeskommunale samferdselstiltak. Samstundes må anna delfinansiering som bruk av bompengar, og å utarbeide spleiselag gjennom rekkjefølgjekrav og utbyggingsavtalar vurderast.

Fylkeskommunen arbeider også med å utnytte ressursane på ein god måte, og viser til sitt kunnskapsgrunnlag om meir veg for pengane:

<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/fylkesveg/rtp/kunnskapsgrunnlag-til-rtp-2022-2033---meir-veg-for-pengane.pdf>

Det vert teke sikte på å utarbeide endeleg framlegg til fordeling av midlar og prioriteringslister for store prosjekt fram mot vedtak av økonomisk handlingsprogram og investeringsprogram til fylkestinget i juni 2022. Framlegget vil basere seg på utkastet til investeringsprogram, innspel frå kommunane, samt ytterlegare arbeid med å kvalitetssikre prosjekta både med omsyn til mogleg gjennomføring, prosjektutforming og økonomi.

Fylkeskommunen ber om innspel på følgjande:

Rammeløyvingar kontra store vegprosjekt

Kva føremål er viktigast å prioritere i investeringsprogrammet, er det rammeløyvingar til trafikktryggleik og mindre utbetringar, gang- og sykkeltiltak, kollektivtiltak, oppgradering av kai, bru og tunnel eller midlar til store vegprosjekt?

Vurdering:

Kommunedirektøren vurderer at rammeløyvingar til trafikktryggleik og mindre utbetringar, gang- og sykkeltiltak, kollektivtiltak, oppgradering av kai, bru og tunnel generelt må prioriterast framfor midlar til store vegprosjekt. Når det imidlertid gjeld spesifikt Alverstraumen bru, så er denne så utdatert på tilstand og funksjon at denne må erstattast med ny bru snarast mogeleg.

Strekningsvise utbetringar, større G/S-tiltak og spleiselag.

Det er føreslått å avsetje 200 mill. kr. årleg til strekningsvise utbetringar av regionale hovudvegar (vegar i funksjonsklasse B), samt å setje i gang minst to større gang -og sykkeltiltak utanom Miljøloftet årleg. Det er også føreslått eigne løyvingar til rekkverk, vegljøs og til ei ordning med spleiselag for mindre prosjekt. Fylket ber om synspunkt på dette, inkl. evt. konkrete framlegg til samarbeidsprosjekt.

Vurdering:

I Alver er det berre Fv57 mellom Knarvik og Mongstad som er i funksjonsklasse B. Det har i mange år vore arbeidd med reguleringsplanar for G/S-veg i nordre delen her, frå Skodvin til Vågseidet og frå Lindås til Mongstad. Strekningane er farleg å ferdast på for mjuke trafikkantar.

Kommunedirektøren peikar på det omfattande arbeidet som er gjort med reguleringsplanane for G/S-vegen her og påpeikar kor viktig det er å starte opp og få gjennomført anleggsarbeidet før reguleringsplanane vert forelda i juridisk samanheng. Dette strekningsvise utbetningsprosjektet omfattar også utbetringar av trafikkfarlege punkt på vegen.

Eigne løyvingar til rekkverk og vegljøs er elles sterkt etterlengta nærast overalt på fylkesvegane i Alver og gjengangarar i trafikkiksikringsplanane sine tiltakslistar.

Alver kommune er positiv til spleiselag for mindre prosjekt, der kommunen kan nytte sin midlar frå Miljøløftet saman med fylkeskommunale midlar og fylkeskommunal utbygging av prosjekta. Nærleggande her er Miljøløftprosjekta som er spelt inn i perioden 2023 - 2026:

- Fv 5452 Hillesvåg – Apalen, G/S-veg
- Fv 5452 Leknes, Hillesvåg, fortau ved Eknes Karosseri
- Fv 5456 Ostereidet senter – Lindsdalen, G/S-veg ned til kryss mot skulen
- Fv 5474 Seim skule, G/S-veg frå skulen og opp forbi «Meieriet»

I tillegg til desse fire prosjekta er det under her i saka lista opp ei rekkje aktuelle samarbeidsprosjekt som er på den kommunale prioriteringslista i Alver.

Mest mogeleg for pengane

Vidare ber VLFK om innspel til korleis ein kan få mest mogleg for pengane for konkrete framlegg til prosjekt.

Vurdering:

Kommunedirektøren syner her til fylkeskommunen sitt eige kunnskapsgrunnlag for meir veg for pengane. Eit tett, praktisk samarbeid mellom kommune og fylket, særleg i den innleiande delen før anleggsoppstart, er dessutan grunnleggande naudsynt for ein fagleg og økonomisk god gjennomføring.

Rette tiltak og prosjekt

VLFK ber om synspunkt på om det er dei rette tiltak og prosjekt som er lagt inn i investeringsprogrammet, og kva som er viktigast å prioritere.

Vurdering:

Kommunedirektøren registrere at det er særdeles få tiltak som er opplista for Alver kommune. Ny Alverstraumen bru er nemnt og står i ei særstilling når det gjeld krav om investering i Alver.

Kommunen har elles svært mykje fylkesveg og mykje er i heller dårleg forfatning. T.d. står ein no framfor uttak av mykje skogvirke dei næraste åra i Alver og det er viktig at vegane toler eit akseptabelt akseltrykk her utan å bli forringa.

Vidare er det mange vegstrekk som er gjengarar i trafikksikringsplanane og som sårt treng utbetring med sideareal/fortau, vegljøs og anna. Informasjon om dette er oversendt fylket tidlegare og kommunen ønskjer jamlege dialogmøter med fylket om situasjonen på fylkesvegane.

I tillegg til samarbeid om dei fire prosjekta lista opp ovanfor, er det trong for å diskutere og i fellesskap søkje gjennomføring av følgande aktuelle prosjekt og prosessar vedrørande fylkesvegane i Alver, - her fordelt på dei gamle kommune-områda og i uprioritert rekkjefølge:

Aktuelle prosjekt i Lindås-delen:

Fv 5456 Ostereidet Fv-del mot kryss E39, fortau og utbetringar ved rundkøyringa
Fv 5474 Seim skule, G/S-veg forbi området med Strilatun
Fv 565 Hilland - Remme, G/S-veg

Fv 5476 Skarsvegen frå Kvamsvåg og vidare utover, oppgradering med fortau
Fv 5464 E39 mot Eikanger skule, G/S-veg/fortau
Fv 5456 Gamlevegen Eknes - Ostereidet, fortau og trafikkisikring, punktutbetring
Fv 5460 Hindenes - Bjørge, utbetre smal og dårleg veg
Fv 5472 Seim, Kleivane, fortau/trafikkisikring, planarbeid og utbygging
Fv 5464 Jordal - Myking, asfalt og rekkverk på eks. vegutviding på VA-trase
Fv 5468 Myking- Skauge, strekningsvis utbetring/trafikkisikring
Fv 5452 Mundal- Leiknes skule, fortau og utbetring
Fv 5470 Lindås, farleg kryss ved kyrkja, oppstramming/utbetring
Fv 5464 Kløvebrekka, oppgradere vegstandard, særleg for gåande frå Vangen
Fv 5464 Fammestad/Kløve, ungd.huset til brua v/skulen, oppgradere/stabilisering langs Lonelva
Fv 5450 Vassbygdvegen, strekningsvis utbetring/trafikkisikring, rekkverk
Fv 5458 Ostereidet - Nesbø, sikre farlege kantar
Fv 5474 Seim, kryss ved Vatne (E39), ombygging, fortau
Fv 57 Skodvin - Vågseidet, G/S-veg
Fv 57 Lindås - Mongstad/Litlås, G/S-veg
Veglypsprosjekt og rekkverkprosjekt over heile kommunedelen
Utgreiingar for trafikktryggleik rundt skulane på Leknes, Ostereidet, Lindås, Alversund og Knarvik

Aktuelle prosjekt i Meland-delen:

Fv 5308 Sagstadvegen, kryssutbetring Sagstadvegen kryss mot Kv 2143 Øvre Sagstad
Fv 564 Rosslandsvegen - Rosslandsvågen, etablere sikt og møteplassar
Fv 564 Holme- Mjåtveit, planarbeid for G/S-veg
Veglys og rekkverk, - mange stader

Aktuelle prosjekt i Radøydelen, - med pri. frå politiske vedtak:

1. Fv 565 Remme til Austmarka, G/S-veg
 2. Fv 565 Manger kyrkje – Hesthaugen, fortau
 3. Fv 5488 Hellandskryssset, utbetring med busstopp
 4. Fv 525 Marås - Solend, veglys
 5. Fv 5484 Hordabø skule – idrettsbana, G/S-veg
 6. Fv 5484 Manger – Bø, G/S-veg og veglys
 7. Fv 5484 Gradnatun-kryssset, utbetring og fortau
 8. Fv 525 Manger - Solend, G/S-veg
 9. Fv 5486 Toskavegen, Manger badeplass, G/S-veg
 10. Div. strekk med asfaltering
 11. Parkeringsplassar for friluftsmål
- Fv 5478 Vetåsvegen, utbetring i mogleg samarbeid med VA
Mjøs/Straume/Soltveit og Austebygd skule, div utbetringar
Generelt utbetring av rekkverk og kantar på fylkesvegar
Veglys, særleg ved skular

Mobilitet og kollektivtransport

Alver kommune har jamleg dialog med VLFK /Skyss og forutset at innmeldte saker vert

handsama der. Av seinare saker kan nemnast oppfølging av nytt anbod for snøggåten, forsterking av buss-ekspresstilbodet til/frå Bergen, forbetring av rutetilbod og etablering av «hent-meg» løysingar i distrikta og forbetring av arbeidsruter til/frå Mongstad Sør.

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-027
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 15.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
011/22	Utval for næringsutvikling og drift	23.03.2022
	Alver formannskap	
	Alver kommunestyre	

Partnerskapsavtale Nordhordland næringslag 2022 - 2023 **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

- Alver kommune forlenger partnerskapsavtalen med Nordhordland næringslag i 2 nye år, for 2022 og 2023.
- Partnerskapsbidraget er kr 100.000 per år
- Finansiering av avtalen blir vurdert i samband med 1. tertial rapport 2022

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for næringsutvikling og drift 23. mars

Saka skal til innstilling i formannskapet 24. mars

Saka skal avgjerast i kommunestyret 7. april

Kva saka gjeld:

I denne saka skal politisk nivå vurdere å forlenge partnerskapsavtalen med Nordhordland næringslag i 2 nye år. Alver kommune og Nordhordland næringslag har hatt eit avtale i 2020 og 2021.

Bakgrunn

Saksopplysningar:

I sak 12/20 vedtok kommunestyret i Alver å inngå ein partnerskapsavtale med Nordhordland næringslag for 2020 og 2021. Føremålet med avtalen er at Alver kommune og Nordhordland næringslag skal samarbeide om å styrke det regionale næringsutviklingsarbeidet generelt, og tiltak/satsingar retta mot næringsutvikling i Alver spesielt. Målsettinga er at partnerskapsavtalen skal medverke til å realisere kommunale mål og strategiar for næringsutvikling, både knytt til ulike bransjar og til sektorovergripande satsingar.

Nordhordland næringslag er 50 år i 2022 og organiserer nær 400 verksemder i regionen. Organisasjonen bidrar til næringsutvikling gjennom synleggjering og nettverksbygging, og dei legg til rette fagleg utviklande arenaer der medlemmane kan møtast på tvers av bransjar. Næringslaget er partipolitisk nøytral og fokuserer mellom anna på auka omstillingsevne, utvikling og kompetanseutvikling. I tillegg er organisasjonen eit talerøyr for næringslivet. Dei har fire bransjegrupper; industri, havbruk, handel&service og handverk, i tillegg til å drive fleire nettverk for leiarar i næringslivet.

Ei forlenging av partnerskapsavtalen med næringslaget vil gjelde for åra 2022 – 2023, der kommunen bidrar med kr 100.000 i partnerskapsbidrag per år.

Vurdering

I etableringa av ein ny kommune har det vore viktig å få på plass nye arenaer og samarbeidsrelasjonar, og her

har partnerskapsavtalen med Nordhordland næringslag vore eit sentralt bidrag. Etter kommunedirektøren si vurdering, har partnerskapsavtalen med Nordhordland næringslag bidratt til eit tett og godt strategisk samarbeid mellom partane. Dette gjeld både på politisk og administrativt nivå. Næringslaget og kommunen har samarbeida om mange ulike prosjekt og prosessar i avtaleperioden, i ei tid som har vore prega av koronasituasjonen. Dei mest sentrale prosessane er:

- Greenspot Mongstad
- E39 Klauvaneset - Vågsbotn
- Vestlandsscenarier
- Scenarioanalyse Nordhordland
- Regional næringsstrategi
- Batterifabrikk på Mongstad
- Kraftsituasjonen i Nordhordland
- Grøn konkurransekraft
- Grøn region Vestlandsportefølje
- Kommuneplanen sin samfunnsdel
- Alverbadet
- Nordhordland Awards
- Vindkraft på asfalt
- Mongstadprosjektet Right kompetanseprosjekt
- Strategisk næringsplan
- Kommunen sitt arbeid med planlegging og forvaltning, særleg knytt til innkjøp (lokalt næringsliv) og byggesak.

Nordhordland næringslag har stilt aktivt opp på politiske møte for å orientere om aktuelle saker. I koronatida har næringslaget bidratt med viktig informasjon om status for verksemdene. I tillegg har næringslaget vore med i kommunen sitt kontaktutval for næringsutvikling, og det har elles vore fleire samarbeidsmøte både med politisk og administrativ leiing.

Partnerskapsavtalen mellom næringslaget og kommunen gjeld for 2022 og 2023, og partane skal gjennomføre ei evaluering innan oktober kvart år for å vurdere vidare samarbeid. Finansiering av partnerskapsbidraget på kr 200.000 blir vurdert i samband med 1. tertial rapport 2022.

Kommunedirektøren rår til at Alver kommune forlengar partnerskapsavtalen med Nordhordland næringslag for 2022 og 2023.

Vedlegg i saken:

15.03.2022 Partnerskapsavtale Alver - NONL 2022-2023

1708759

Partnerskapsavtale

mellom

Alver kommune og Nordhordland Næringslag

1. Formål

Alver Kommune og Nordhordland Næringslag (NONL) skal samarbeide om å styrke det regionale næringsutviklingsarbeidet generelt og tiltak/satsingar retta mot næringsutvikling i Alver spesielt.

2. Målsettingar

Partnerskapsavtalen skal medverke til å realisere kommunale mål og strategiar for næringsutvikling knytt til bransje og sektorovergripande satsingar, slik dette er formulert i gjeldande planar på området.

Partnerskapen skal også medverke til å nå NONL sine målsetningar om å fremje næringslivets behov særleg innan samferdsle og infrastruktur, næringsareal, kompetansebygging og utvikling av Nordhordlandsregionen.

3. NONL sine oppgåver og bidrag i partnerskapen

NONL skal som ein del av sitt virke bistå med:

- Arbeid/oppgåver knytt til strategiane og eventuelle innsatsområde i kommunalt planverk som gjeld næringsutvikling
- Arbeid/oppgåver knytt til kommunal plan for kompetanse og arbeidskraft
- Arbeid/oppgåver knytt til innovasjonsaktiviteten i regionen
- Arbeid/oppgåver knytt til utvikling og anvendeleg kunnskap i regionen som grunnlag for entreprenørskap, investeringar, nyskaping og omstilling.
- Fagleg støtte til politisk og administrativ leiing i saker som angår næringslivet

4. Kommunen sine oppgåver og bidrag i partnerskapen

Som delvis finansiering av oppgåvene nemnt under punkt 3 skal kommunen yte eit årleg økonomisk bidrag. Dei kommunale partnerskapsmidlane skal utbetalast innan 1. april kvart år. Partnerskapsmidlane er ikkje til hinder for at **NONL** kan søke prosjektfinansiering til konkrete utviklingsprosjekt.

Kommunen deltek på administrativt og/eller politisk nivå i aktivitetar og prosjekt som partnaren er ansvarleg for etter nærare avtale.

Kommunen vil ta ansvar for å sikre god samhandling med partnar relatert til kommune sin overordna og strategiske planlegging.

Der kor det er naturleg, skal kommunen medverke til at **NONL** kan dra nytte av dei ressursane og den kompetansen som kommunen sjølv, og kommunen sine andre samarbeidspartnarar rår over.

5. Organisering av arbeidet

Det blir lagt til grunn at arbeidet blir gjort i nært samarbeid med administrativ og politisk leiing i kommunen. Ut over dette er det opp til partnar å avgjere kven dei vil samarbeide med og korleis dei vil organisera og drive arbeidet

6. Rapportering

Fortløpande rapportering og dialog skjer gjennom regelmessige møte mellom partnar og kommunen, og minst 2 gonger pr år.

I tillegg skal **NONL** også sende årsmeldinga og revisorattestert årsrekneskap, til kommunen så snart dette ligg føre.

7. Tidslengd, beløp, oppseiing og innsyn

Denne avtalen gjeld i 2 år frå 2022-2023, med eit årleg partnarskapsbidrag på kr 100 000,- .

Kommunen og **NONL** gjennomfører ei evaluering av avtalen innan oktober i kvart kalenderår. Innan oktober 2022 skal partane vurdere om avtalen skal vidareførast.

Større endringar i organisering, eigarskap eller overordna strategi for **NONL** gir kommunen rett til å reforhandla eller seie opp partnarskapsavtalen.

Ved mislighald kan begge parter seie opp avtalen med 1 månads varsel.

Dersom **NONL** blir lagt ned eller misligheld avtalen, kan kommunen krevje heile, eller deler av, partnarskapsmidlane tilbakebetalt.

Kommunen eller kommunen sin revisor har til ei kvar tid høve til å kontrollere at vilkåra for tilskottet blir helde. **NONL** plikter å gje dei opplysningane som fylkeskommunen ber om.

Isdalstø

For **Alver kommune**

For **Nordhordland Næringslag**

.....
Sara Hamre Sekkingstad
Ordførar

.....
Baste Tveito
Dagleg leiar

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-U01
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 16.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
012/22	Utval for næringsutvikling og drift	23.03.2022
	Alver formannskap	
	Alver kommunestyre	

Prosjekt næringsvenleg forvaltning **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

- Utviklingsprosjektet næringsvenleg forvaltning blir etablert slik det er lagt fram i saka.
- Finansiering av prosjektet blir handtert innanfor den økonomiske ramma, mellom anna med å nytte unytta lønnsmidlar for ny næringsressurs til næringsteamet.
- Prosjektet blir gjennomført i 2022.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for næringsutvikling og drift 23. mars

Saka skal til innstilling i formannskapet 24. mars

Saka skal til avgjerd i kommunestyret 7. april

Kva saka gjeld:

Denne saka gjeld etablering eit utviklingsprosjekt knytt til næringsvenleg forvaltning .

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

Viser til orienteringsnotatet «Kommunalt næringsarbeid og rekruttering av næringsressurs» lagt fram i utval for næringsutvikling og drift og formannskapet i februar 2022. I formannskapet 10. februar blei det presisert at det var ønskje om ei politisk sak knytt til det som kom fram i notatet. Denne politiske saka er ei oppfølging av orienteringsnotatet.

Kommunen si rolle i regionalt og kommunalt næringsarbeid

Alver kommune deltar i og held på med fleire plan- og strategiprosessar som skal definere kommunen sine strategiske satsingar innan næringsutvikling. Døme på slike prosessar er regional næringsstrategi, kommuneplanen sin samfunnsdel og strategisk næringsplan. Desse prosessane skal også klargjere kommunen sitt ansvar, rolle og oppgåver i arbeidet med næringsutvikling.

I scenarioanalyse Nordhordland, presentert tidleg i 2021, blei det lagt vekt på at kommunane bør styrke sine roller som planleggar, tilretteleggjar og forvaltar i arbeidet mot næringslivet. Det er viktig å ha oppdaterte planar, legge til rette infrastruktur og ha ei forvaltning som forstår næringslivet sine behov. Kommunane bør også klargjere si rolle inn mot aktørar som til dømes regionråd, verkemiddelapparat (Industriutvikling Vest), næringsorganisasjonar og andre utviklingsaktørar.

I ein studie, presentert av KS og NHO i 2021, er næringsarbeidet til 17 kommunar i Norge kartlagt (sjå link til

studien under vedlegg). Studien legg fram nokre erfaringar med vellukka kommunalt næringsarbeid. Eitt av hovudpunkta handlar om at kommunen må ha ein brei innfallsvinkel til næringsarbeidet på tvers av kommunale sektorar. Det er viktig å ha samarbeid og koordinering internt i kommuneadministrasjonen, og alle sektorinteresser må vere involvert i arbeidet med tilrettelegging for næring. Sektorar og etatar som jobbar med næringslivet må ha forståing for dei rammevilkår som dei ulike verksemdene har.

Vurdering

Alver kommune er framleis ein ny organisasjon med mange kontaktpunkt mot næringslivet, eit næringsliv med mange ulike behov. Organisasjonen er også mykje større enn dei tidlegare kommunane. Studien til KS og NHO viser at kommunane bør ha ei brei næringslivsforståing i alle delar av organisasjonen, det er ikkje tilstrekkeleg at dette fokuset berre er konsentrert i eit definert næringsteam eller ei næringsavdeling.

Sjølv om det pågår fleire strategiske planprosessar for næringssetinga i kommunen, ser kommundirektøren behov for å starte eit utviklingsprosjekt retta mot fagområda som primært jobbar med planlegging, tilrettelegging og forvaltning. Dette gjeld i stor grad alle fagområda i sektorane samfunnsutvikling og teknisk forvaltning og drift. Desse fagområda har tett kontakt og dialog med ulike delar av næringslivet. Næringslivet har mange ulike behov, og det er viktig at Alver har strategiar, kommunikasjon og arenaer, både internt og eksternt, som kan møte desse behova.

Utviklingsprosjektet vil ha arbeidsnamnet «Næringsvenleg forvaltning» og skal gjennomførast i 2022. Målet med prosjektet er å sikre ei betre forståing for næringslivet sine behov på tvers av sektorar og fagområde, og sikre at kommunen som organisasjon jobbar meir heilskapleg og koordinert mot bedriftene.

Planen er å engasjere eksterne ressursar som kan hjelpe kommunen med prosjektet, mellom anna med kartlegging, undersøking og analyse. Tett dialog med sentrale aktørar i næringslivet vil vere ein viktig del av prosjektet. Det skal også utarbeidast ein gjennomføringsplan med aktuelle tiltak, som skal bidra til nå målet med ei næringsvenleg forvaltning.

Prosjektet vil ha ei økonomisk ramme på inntil kr 300.000. Kommunedirektøren legg opp til å handtere finansieringa innanfor den økonomiske ramma, mellom anna med å bruke unytta lønnsmidlar til ny næringsrådgjevar i næringsteamet. Prosessen med rekruttering av næringsrådgjevar er starta, men tilsettinga vil truleg få ein halvårseffekt i 2022 (Kr 350.000).

Kommunedirektøren vil orientere utval for næringsutvikling og drift og formannskapet om framdrift og resultat i prosjektet.

Link til KS og NHO sin studie om vellukka kommunal næringsarbeid:

<https://www.ks.no/contentassets/dcf7fdea4dbf4ddfbe301a66731b64b7/Vellykket-neringsutvikling.pdf>

Vedlegg i saken:

16.03.2022 Vedlegg - orienteringsnotat - kommunalt næringsarbeid 1709501
og rekruttering næringsressurs

ORIENTERINGSNOTAT

Til: Utval for næringsutvikling og drift – møte 9. februar 2022

Alver formannskap – møte 10. februar 2022

Frå: Rådmannen

Dato: 3. februar 2022

Tema: Kommunalt næringsarbeid og rekruttering av næringsressurs

1. Bakgrunn

I økonomiplanen 2022 – 2025 er det vedtatt å sette av kr 700.000 til eitt årsverk for å styrke næringsarbeidet i kommunen. Årsverket skal styrke næringsteamet som i dag består av kommunalsjef samfunnsutvikling og to næringsrådgjevarar. Kommunalsjef har rolla som nærings sjef og leiar det kommunale næringsarbeidet.

Dette notatet beskriv rådmannen si anbefaling i det vidare arbeidet med å styrke kommunen sitt næringsarbeid.

2. Prioriteringar i næringsarbeidet

Dei siste to åra er det gjennomført fleire større nærings- og scenarioanalyser, som beskriv korleis Alver, Nordhordland og Vestland må jobbe for å oppretthalde og vidareutvikle eit industrielt og eksport-retta næringsliv. Scenarioanalysene beskriv også korleis regionen kan ta ein posisjon industrielt i det grønne skiftet. Alver kommune og næringslivet i regionen har bidratt sterkt i utarbeiding av desse scenarioanalysene, mellom anna moglegheitsstudie Green Spot Mongstad, Scenarioanalyse Nordhordland, Vestlandsscenarioene 2020 og Grøn Region Vestlandsporfølje.

I Scenarioanalyse Nordhordland, presentert i starten av 2021, blei det lagt fram forslag til ein plan for korleis Alver og Nordhordland kan få ein suksessfull overgang til framtidens industriregion «Nordhordland 2.0». Planen har 5 hovudpunkt:

1. **Posisjonering** – Regionen må jobbe aktivt med å tiltrekke seg nye verksemder og arbeidskraft. Det blir anbefalt å utarbeide ein regional marknadsføringsstrategi.
2. **Infrastruktur** – Den nye industrien vil ha byggjeklart næringsareal med tilhøyrande infrastruktur. Regionen må vere i forkant med å regulere areal og bygge ut infrastruktur.
3. **One stop shop** – Regionen må utnytte den industrielle kompetansen, logistikken, infrastrukturen og råstoffa til å utvikle nye marknadsmoglegheiter. Det vil tiltrekke nye aktørar og investeringar. Her vil næringsområda ved Fensfjorden spele ei sentral rolle.
4. **Klynger, kapital og kompetanse** – Det er anbefalt at næringslivet i regionen samarbeider tettare, gjerne i definerte klynger, for å ta ein framtidig posisjon innan ulike bransjar.
5. **Tydelege roller og arbeidsdeling** – Aktørane som driv med næringsutvikling og tilrettelegging for næringslivet må ha ei tydelegare rolle- og arbeidsdeling. Dette gjeld særleg arbeidsdeling mellom regionråd, kommunar, næringsutviklingselskap og næringslag.

3. Roller og oppgaver i regionale næringsarbeidet

I oppfølging av punkt 5 over anbefaler Scenarioanalyse Nordhordland at aktørane saman lagar ei tydeleg rolle- og arbeidsfordeling, basert på dei kjerneoppgåvene som desse aktørane driv med. Scenarioanalysen legg også fram eit forslag til kva rolle aktørane bør ha:

- Det regionale nivået skal ta seg av oppgaver som er viktig for alle aktørane i regionen, til dømes strategisk posisjonering, rammevilkår og vertskapsattraktivitet.
- Kommunane skal ta seg av planlegging, tilrettelegging og forvaltning.
- Næringsutviklingsselskap (eks. Industriutviklings Vest) skal jobbe med enkeltbedrifter og bransjeutvikling, til dømes med forretningsutvikling, entreprenørskap og innovasjon.
- Interesseorganisasjonar og næringslag skal vere ein møteplass for næringsaktørane, og skal jobbe med rammevilkår og fremje interesser som er viktig for næringslivet.

Scenarioanalyse Nordhordland er eit grunnlag for vidare utviklingsarbeid. Regionrådet i Nordhordland handsama rapporten våren 2021, og som ei konkret oppfølging blei det etablert eit prosjekt som skal utarbeide ein regional næringsstrategi for Nordhordland. Alver kommune deltar i prosjektet. Mandatet for prosjektet blei vedtatt i september 2021 og har mellom anna følgjande målsettingar:

- Prioritere regionale satsingsområde, mål og strategiar innan industri og næring som gjer at regionen held på og utviklar sin konkurranseposisjon fram mot 2030. (Ref. scenarioar i analysen)
- Skissere ei mogleg fordeling av ansvar og oppgaver mellom regionråd, kommunar, næringsliv, interesseorganisasjonar, næringsutviklingsselskap og kompetanseorganisasjonar i oppfølging av næringsstrategien

Den regionale næringsstrategien skal ut til kommunane for innspel og høyring, og det er planlagt at endeleg næringsstrategi er ferdig i løpet av våren 2022.

4. Ressursar og kompetanse i det kommunale næringsteamet – vurdering av behov

Alver kommune vil også bruke Scenarioanalyse Nordhordland og andre analyser i sitt strategiske planarbeid. I høyringsutkastet til kommuneplanen sin samfunnsdel er det lagt inn ambisjonar, mål og strategiar for næring og industri fram mot 2040, og grunnlaget for ambisjonane ligg i dei moglegheitsstudiane og scenarioanalysene som er utarbeida. Samfunnsdelen skal til endeleg handsaming i løpet av våren 2022. I februar 2022 startar arbeidet med strategisk næringsplan, dette er ein temaplan som skal konkretisere dei mål og strategiar som ligg i samfunnsdelen. Strategisk næringsplan skal ha ein handlingsdel, og planen bør tydeleggjere kommunen si eigen rolle i oppfølging av næringsarbeidet. Det er planlagt at strategisk næringsplan skal til vedtak i kommunestyret i løpet av hausten 2022.

Dei pågåande plan- og strategiprosessane, både regionalt og kommunalt, vil klargjere prioriterte satsingar innan næring og tydeleggjere arbeidsdelinga mellom ulike utviklingsaktørar. Det er gjennom desse prosessane Alver kommune vil klargjere si rolle og dermed behovet for kompetanse og erfaring for å styrke kommunen sitt næringsarbeid. Rådmannen vil derfor anbefale å vente med tilsetting av næringsressurs til arbeidet med desse plan- og strategiprosessane er gjennomført.

5. Utvikling av næringsvenleg forvaltning

Scenarioanalyse Nordhordland legg vekt på at kommunane bør styrke si rolle som planleggar, tilretteleggjar og forvaltar i arbeidet inn mot næringslivet. Det er viktig å ha oppdaterte planar, legge til rette infrastruktur og ha ei forvaltning som forstår næringslivet sine behov. I starten av 2021 presenterte KS og NHO ein studie som har kartlagt næringsarbeidet i 17 kommunar nasjonalt. Studien legg fram nokre erfaringar med vellukka kommunalt næringsarbeid. Eitt av hovudpunkta handlar om at kommunen må ha ein brei innfallsvinkel til næringsarbeidet på tvers av kommunale sektorar. Det er viktig å ha samarbeid og koordinering internt i kommuneadministrasjonen, og alle sektorinteresser må vere involvert i arbeidet med tilrettelegging for næring. Sektorar og etatar som jobbar med næringslivet må ha forståing for dei rammevilkår som dei ulike verksemdene har (Link til studien: <https://www.ks.no/contentassets/dcf7fdea4dbf4ddfbe301a66731b64b7/Vellykket-neringsutvikling.pdf>)

Denne studien viser at kommunen bør ha ei brei næringslivsforståing i alle delar av organisasjonen, det er ikkje tilstrekkeleg at dette fokuset berre er konsentrert i eit definert næringsteam. Alver kommune er ein ny og stor organisasjon med mange kontaktpunkt mot næringslivet. For å sikre meir heilskapleg arbeid og betre forståing for næringslivet sine behov, foreslår rådmannen at nokre av midlane som er sett av til eit næringsårsverk blir nytta til eit utviklingsprosjekt inn mot kommunen si planlegging og forvaltning. Prosjektet blir gjennomført i 2022.

6. Oppsummering – rådmannen sine anbefalingar for vidare prosess med næringsarbeidet

Alver kommune deltar i og held på med fleire plan- og strategiprosessar som skal avklare endelege prioriteringar innanfor næringsområdet – både regionalt og kommunalt. Fleire av desse prosessane vil konkludere i løpet av 2022, og dei vil definere kva behov kommunen vil ha når det gjeld kompetanse og erfaring for å styrke det kommunale næringsarbeidet. Rådmannen anbefalar at kommunen ventar med tilsetting i næringsteamet fram til desse plan- og strategiprosessane er gjennomført.

Fram til dette er avklart, anbefalar rådmannen at nokre av midlane blir nytta på eit utviklingsprosjekt inn mot kommunen si planlegging og forvaltning. Målet med prosjektet er å sikre ei betre forståing for næringslivet sine behov på tvers av sektorar, og sikre at kommunen som organisasjon jobbar meir heilskapleg mot næringslivet når det gjeld planlegging, tilrettelegging og forvaltning. Tidsramme for prosjektet er 2022. Rådmannen vil orientere utval for næringsutvikling og drift og formannskapet om framdrift og innhald i prosjektet.

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-034
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 11.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
010/22	Utval for helse og omsorg	22.03.2022
024/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	22.03.2022
037/22	Utval for areal, plan og miljø	23.03.2022
013/22	Utval for næringutvikling og drift	23.03.2022
	Alver formannskap	

Rolle og arbeidsform for politiske styringsgrupper

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Politiske styringsgrupper i Alver skal ha to møteformar, vedtaksmøte og arbeidsmøte, slik det er lagt fram i saka.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for oppvekst, kunnskap og kultur, utval for helse og omsorg, utval for næringsutvikling og drift, utval for areal, plan og miljø,
Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Alle planar, utviklingsprosjekt og investeringsprosjekt med politisk styring skal vere prosjektorganisert med ei politisk styringsgruppe. Det er reglement for politisk styringsstruktur som definerer kva politisk utval som skal vere politisk styringsgruppe for ulike prosessar. Prosessane blir styrt gjennom reglement og eigen metodikk, og dette blir gjort for å klargjere roller og ansvar i ein definert og avgrensa utviklingsprosess.

I rolla som politisk styringsgruppe skal dei politiske utvala vedta prinsipp, rammer og avgrensing som er styrande for arbeidet med prosjekt og planar. Styringsgruppene skal primært ta avgjerder ved definerte faseovergangar, men kan også ta avgjerd undervegs i prosessen som er styrande for vidare arbeid.

Erfaringar frå større investeringsprosjekt og planarbeid har vist at det ofte er behov for å ha dialogbaserte drøftingar undervegs i styringsgruppene. Dette kan vere diskusjonar rundt ulike problemstillingar eller vegval, der arbeidsforma er meir uformell. Føremålet er å ha dialog og arbeide saman. Tilbakemelding frå arbeidet i dei politiske styringsgruppene har vist at det kan vere uklart når styringsgruppene arbeider saman og når det blir tatt avgjerder. Styringsgruppene kjem ofte med politiske signal frå ulike drøftingar, men dette er i prinsippet ikkje formelle vedtak som er styrande for prosessen.

Vurdering

For å tydeleggjere rolle og arbeidsform til politiske styringsgrupper, ser kommunedirektøren behov for å etablere to ulike møteformar:

1. Vedtaksmøte

2. Arbeidsmøte.

I vedtaksmøte har dei politiske styringsgruppene i prinsippet den same rolla som i ordinære møte, berre at vedtaka omhandlar eit konkret prosjekt eller ein plan. Vedtaksmøta skal førebuast på same måte som eit ordinært møte med skrivefristar, saksførebuing og innsyn. I tillegg skal det skal førast protokoll som følgjer anna dokumentasjon i prosessen. Vedtaksmøta blir strøyma slik som ordinære utvalsmøte. Vedtaksmøte blir gjennomført ved faseovergangar og undervegs i prosessen ved behov. Det kan vere tilrådeleg å ha vedtaksmøte undervegs i ein prosess som legg nye prinsipp og rammer for vidare arbeid.

I arbeidsmøte skal styringsgruppene samlast for å diskutere ulike problemstillingar som er relatert til eit prosjekt eller ein plan. Det skal sendast ut innkalling med agenda før arbeidsmøte, og tid for utsending blir avklart i samråd med utvalsleiar. Det skal kome klart fram på innkalling om det er eit arbeidsmøte eller eit vedtaksmøte. Arbeidsforma og dialogen i arbeidsmøta vil vere mindre formell enn i vedtaksmøta, og styringsgruppa skal ikkje gjere vedtak. Administrasjonen vil lage ei oppsummering frå arbeidsmøta for å notere ned kva tema som er drøfta. Oppsummeringa skal følgje anna dokumentasjon i prosjektet. Arbeidsmøta skal ikkje strøymast.

Det vil også vere mogleg å ha arbeidsmøte og vedtaksmøte i same styringsgruppemøte, og dette blir presisert tydeleg i innkalling og førebuing til møtet.

Presisering av arbeidsform for dei politiske styringsgruppene vil bli lagt inn i reglement for prosjektstyring.

Arkiv: <arkivID><jplD>
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 16.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
014/22	Utval for næringutvikling og drift	23.03.2022
	Alver formannskap	
	Alver kommunestyre	

Samarbeidsavtale og økonomisk tilskot Greenspot Mongstad Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Alver kommune vedtar å gå inn i samarbeidsavtalen for prosjektet Greenspot Mongstad
- Alver kommune bidrar med kr 500.000 i økonomisk tilskot per år i perioden 2022 – 2024, totalt kr 1,5 mill.
- Prosjektet blir finansiert via disposisjonsfondet.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for næringsutvikling og drift 23. mars

Saka skal til innstilling i formannskapet 24. mars

Saka skal avgjerast i kommunestyret 7. april

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

Utviklingsprosjektet Greenspot Mongstad starta i 2019 med ein moglegheitsanalyse knytt til kritisk infrastruktur på Mongstad, særleg rundt kraftsituasjonen. Prosjektet blei starta som eit privat/offentleg utviklingsprosjekt mellom Nordhordland Næringslag, Industriutvikling Vest og Alver kommune. Målet med prosjektet var å gjennomføre ei forretningsanalyse for ny grøn næringsutvikling på Mongstad, for å sikre ei langsiktig omstilling av området. Prosjektet blei i første fase leia av eit interimstyre som bestod av større næringsaktørar på Mongstad. Alver kommune gav kr 250.000 til prosjektet gjennom næringsfondet våren 2020 (sak 30/20).

I juni 2020 blei dei lagt fram ein rapport frå forretningsanalysen til Greenspot Mongstad, og det blei lagt fram fleire grøne forretningsmoglegheiter både på kort og lang sikt. Sentrale moglegheiter som blei identifisert var mellom anna hydrogenproduksjon, fiskeoppdrett på land, biogas-produksjon, batteriproduksjon, vindkraft på asfalt, smoltproduksjon og berekraftig drivstoff. Ein viktig faktor for å realisere mange av desse moglegheitene var å sikre kritisk infrastruktur, som til dømes kraft, areal og anna infrastruktur. Med bakgrunn i moglegheitsstudien blei det laga ein forretningsplan som skulle bidra til realisering av forretningsmoglegheitene på Mongstad.

Realisering av prosjekt og organisering av Greenspot Mongstad

Hausten 2020 blei det jobba vidare med å vurdere ei langsiktig organisering av Greenspot Mongstad, og det blei sett på ulike modellar for organisering og finansiering. Alver kommune tildelte Greenspot Mongstad kr 500.000 gjennom næringsfond og Covid-19-fond til realisering av forretningsplanen (Sak 88/20 utval for

næringsutvikling og drift). Våren 2021 blei det avklart at Greenspot Mongstad ville fortsette som eit utviklingsprosjekt, organisatorisk plassert under Industriutvikling Vest AS. Det blei utarbeida ein samarbeidsavtale der prosjekteigarane skulle vere Alver kommune, Nordhordland næringslag og Industriutvikling Vest.

Samarbeidsavtalen (sjå vedlegg) var i utgangspunktet klar til handsaming i 2021, men blei sett på vent grunna rekrutteringsprosess av ny prosjektleiar. Prosjektleiar var på plass 1. januar 2022.

Samarbeidsavtale Greenspot Mongstad

Føremålet med prosjektet Greenspot Mongstad er å transformere Mongstad og tilhøyrande industriområde i og rundt Fensfjorden til Norges fremste industriklynge, med fokus på nye teknologiar og berekraftige løysningar. Arbeidet med prosjektet blir regulert gjennom ein samarbeidsavtale som gjeld i perioden 2021 – 2024. Alver kommune er definert som prosjekteigar. Partane forpliktar seg til å yte driftstilskot til prosjektet i prosjektperioden. Næringslivet skal minimum yte tilskot på til saman 1,5 mill i perioden. Prosjektet skal totalt ha ei finansiering på minimum kr 6 mill i prosjektperioden. Agenda Vestland har bidratt med kr 3 mill til prosjektet. Dersom prosjektet skal fortsette utover 2024 vil det krevje ei avklaring innan 1. januar 2024.

Vurdering

Mongstad industriområde er ein av Norges største industriklynger med rundt 130 bedrifter og nærare 2500 arbeidsplassar. Equinor sitt raffineri og forsyningsbasen er dei største bedriftene på området. Aktiviteten på Mongstad er særst viktig for verdiskapinga i regionen og skapar ringverknadar for mange andre næringar.

I kommuneplanen sin samfunnsdel spelar Mongstad ein sentral strategisk rolle. I visjonen er det sagt at Alver skal vere eit nasjonalt tyngdepunkt for vekst og utvikling innan grøn industri. I eitt av hovudmåla står det at Alver har eit berekraftig næringsliv med Mongstad som Norges fremste næringsklynge. Skal Nordhordland og Alver lukkast med å oppretthalde og utvikle sin konkurranseposisjon, må vi lukkast med å omstille den industrielle aktiviteten på Mongstad og ved Fensfjorden. Industrien og bedriftene på Mongstad har ein unik kompetanse som kan vere avgjerande i den grønne omstillinga.

Prosjektet Greenspot Mongstad skal vere regionen og kommunen sitt verktøy for å gjennomføre den grønne omstillinga av industrien på Mongstad. Det er identifisert mange ulike forretningsmoglegheiter som er planlagt realiserast gjennom prosjektet, og det blir jobba med konkrete prosjekt som skal oppretthalde og sikre nye arbeidsplassar. Greenspot Mongstad har særleg fokus å bygge nye næringar og teknologiske løysingar basert på sirkulærøkonomiske prinsipp. Det som kan vere avfall i ein bransje kan vere eit råstoff i ein annan bransje.

Slik kommunedirektøren vurderer det, vil prosjektet Greenspot Mongstad vere ei viktig satsing for å nå dei mål og strategiar som er lagt i kommuneplanen. Det er viktig at Alver kommune, som vertskommune for Mongstad, bidrar aktivt i dette prosjektet.

Kommunedirektøren rår til at Alver kommune går inn som prosjekteigar og bidrar med økonomisk tilskot. Det er ikkje spesifisert i avtalen kva kommunen skal bidra med, men det blir tilrådd at kommunen bidrar med det same som næringslivet, minimum kr 1,5 mill i prosjektperioden 2022 – 2024. Kommunedirektøren rår til at dette blir finansiert via disposisjonsfondet. Dette blir vurdert som ei eingongsløysing, og det er forventa at prosjektet må finne ei meir langsiktig finansieringsløysing om prosjektet skal fortsette etter 2024.

Vedlegg i saken:

16.03.2022

Vedlegg - Greenspot Mongstad - samarbeidsavtale

1709358

Formål, organisering og samarbeidsavtaler Greenspot Mongstad

2022 - 2024

Formål

1. Prosjektets navn er Greenspot Mongstad
2. Greenspot Mongstad sitt formål er å transformere Mongstad og tilstøtende industriområder i og rundt Fensfjorden til Norges fremste industriklynge med fokus på nye teknologier og bærekraftige løsninger. Ambisjonen er å bidra til et mer diversifisert næringsliv gjennom å tiltrekke seg nye virksomheter og investorer, skape ringvirkninger for eksisterende næringsliv samt etablere nye forretningskonsept som bygger på sirkulærøkonomiske prinsipper. Videre skal prosjektet markedsføre industriregionen og legge til rette for innovasjon og vekst for et bærekraftig næringsliv.

Drift og organisering

3. Prosjektet gjennomføres i perioden 2022 - 2024.
4. Prosjekteiere er Industriutvikling Vest, Nordhordland Næringslag og Alver kommune.
5. Prosjektet er organisatorisk tilknyttet Industriutvikling Vest AS
6. Prosjektet ledes av et styre som består av 5-7 medlemmer. Styreleder og styremedlemmer oppnevnes av prosjekteierne.

Det må tilstrebes at styret har en bred sammensetning som gjenspeiler næringslivet i regionen. Minimum en styreplass skal tilfalle SMB-bedrifter.

Etter nærmere avtale kan Vestland Fylkeskommune, kommuner eller næringslivet være representert med 1-2 observatører i styret. En slik beslutning krever enstemmighet blant styrets medlemmer.

7. Prosjektet skal etablere et rådgivende organ som ved behov inviteres til et dialog- og informasjonsmøte.
8. Gjennomføring av prosjektet forutsetter ekstern finansiering. Økonomiske bidragsytere fra næringslivet skal sikres flertall i styret.

Samarbeidsavtaler

9. Det inngås samarbeidsavtale mellom prosjektet og Industriutvikling Vest som regulerer gjennomføringen av prosjektet. Samarbeidsavtalen må regulere ansvarsforhold, økonomi/finansiering og arbeidsforhold m.m.
10. Det inngås samarbeidsavtale mellom prosjektet og «Parter» som ønsker å utvikle prosjektet i fellesskap.

Partene forplikter seg til å yte driftstilskudd til prosjektet i prosjektperioden 2021 - 2024. Det forutsettes at næringslivet minimum yter driftstilskudd med til sammen NOK 1.500.000 for perioden.

Det er styret som avgjør når driftstilskuddene kreves innbetalt.

Prosjektet skal minimum ha en finansiering på NOK 6.000.000 i prosjektperioden.

11. Dersom prosjektet skal drive utover år 2024 krever det dialog mellom prosjekteierne, styret og partene. Beslutning må tas innen 1. januar 2024.
12. Prosjekteierne og styret kan etter nærmere dialog endre organisering av Greenspot Mongstad dersom det viser seg hensiktsmessig.

Dato/sted

Knarvik, ____/____

Industriutvikling
Vest AS

Nordhordland
Næringslag

Alver
kommune

Styret
GSM

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-243, FA-U00
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 16.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
015/22	Utval for næringsutvikling og drift	23.03.2022
	Alver kommunestyre	

Tildeling kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemdar **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

- Alver kommune slår saman dei to siste tildelingane frå departementet til ei samla fordeling på kr 1.719.000.
- Alver kommune tildeler støtte til bedriftene som har søkt etter modell B med trapper, slik det er lagt fram i saka.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for næringsutvikling og drift
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Alver kommune har motteke to tildelingar frå departementet i kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemdar, pålydande kr 1.084.000 og kr 635.000, til saman kr 1.719.000, som skal fordelast vidare til lokalt næringsliv som er særleg råka av smitteverntiltak.

Den siste tildelinga på kr 635.000 har nyleg blitt sendt ut til kommunane, og har ikkje blitt annonsert spesifikt. Alver kommune har motteke totalt 14 søknadar til søknadsfristen 1. mars. Ni av dei 14 har søkt kommunalt kompensasjonsfond tidlegare. Søkjarar har søkt i søkeportalen Regionalforvaltning.no. Kompensasjonsordninga skal gjelde for verksemdar i Alver kommune som er særleg råka av smitteverntiltak. Departementet har inntil den siste tildelinga gitt kommunane romslege vurderingskriterier for kompensasjon. I den siste tildelinga på kr 635.000 oppfordrar departementet til tildeling til råka verksemdar innan reiseliv, servering, kultur, fritid og til nyoppstarta verksemdar, og at ein utover dette kan innrette tildeling etter lokale tilhøve. Eit vesentleg kriterie er at midlane skal fordelast etter tilhøve raskt.

Utval for næringsutvikling og drift har tidlegare vedtatt at kompensasjonsordninga skal nyttast innanfor to område:

- Dekke faste kostnader som løn, husleige, straum, forsikring og andre løpande utgifter.
- Dokumentert fall i omsetnad. Her må verksemdene leggje fram relevant dokumentasjon for å synleggjere omsetnadssvikt.

Nivået på stønaden heng saman med tal søkjarar. Kommunen har i forkant informert søkjarar om at ein tar i bruk ein sjablongmessig reduksjon av kompensasjonsbeløp ved mange søknader.

I utlysingsteksten har det blitt nemnt at søkarar som ikkje har søkt tidlegare kan bli prioritert, men at alle kan søkje.

Krav til søknad

- Søkjarar må stadfeste at dei samla over tre rekneskaps-år ikkje har motteke offentleg stønad på meir enn 2,3 mill Euro.
- Skatteattest skal ligge ved søknaden.
- Verksemda må ikkje vere under konkursbehandling eller avvikling, men kan vere nyoppstarta.
- Vidare må verksemdar drive lovleg og ha betalt skattar, avgifter og forskotstrekk.

Vurdering

Kvalifiserte søkjarar har levert dokumentasjon. Verksemdene har registrert fall i omsetnad i form av tapssum og søkesum i søknadsportalen.

Då det er eit kriterie at midlane skal utdelast raskt, og vidare at begge tildelingssummane er relativt små i høve til tidlegare og i høve til samla søkesum, vil det vere formålstenleg å dele ut midlane samla for inneverande søknadsfrist. I annonseringa har det vore framheva at alle kan søkja, også bransjane som departementet set i fokus ved siste tildeling. Ein har motteke søknader frå overnatting-, serverings- og kulturbransjen.

Utgangspunktet for fordeling er søknadssum frå den einskilde søkjar. Det er mogleg å leggje opp til fleire alternative fordelingsnøklar. Rådmannen legg fram fire ulike alternativ til fordeling av midlane.

Alternativ A: Her er det tatt utgangspunkt i ei lik prosentvis fordeling for alle kvalifiserte søkjarar.

Alternativ A med tak: Her er det tatt utgangspunkt i ein lik prosentvis fordelingssum, men med eit valt tak på kr 350.000 for søkjarar med søknadssum på over 1 million kr.

Alternativ B: Her har ein valt tre ulike, vilkårlege trappesatsar ut frå størrelse på søkesummen.

Alternativ C: Her har ein kun vurdert nye søkjarar og tatt utgangspunkt i ei lik prosentvis fordeling.

	A Lik prosentfordeling- Søkesum	A m/"tak"	B "Trapper"	C Nye søkere, lik prosentfordeling	
0<T>1 mill	12,30	10,00	40.000	90	tap under 500.000
T>1 mill	jevnt fordelt	10,00	160.000		tap mellom 500' og 1 mill
		10,00	270.000		
		Tak 350.000			tap over 1 mill

Tilråding

Kommunedirektøren tilrår å slå saman dei to tildelingane på totalt kr 1.719.000 for å raskast mogleg kunne dele ut midlane og fordi kr 635.000 er eit forhaldsvis lite beløp å dele ut separat. Vidare har alle bransjar og verksemdar hatt høve til å søkje, og kommunen har også motteke søknader frå bransjane departementet oppfordrar at den siste tildelinga skal knytast til.

Kommunedirektøren tilrår å bruke alternativ B med trapper. Alternativ C vert ikkje tilrådd då det ikkje er nye søkjarar innan nemnde bransjar her.

Sakshandsaminga er framleis under arbeid, og førebels oversikt over søkjarar, søkesum og forslag til tildeling blir lagt ved saka som vedlegg.

Vedlegg i saken:

16.03.2022	tilskotsbrev-kommunal-kompensasjon-runde-6	1709444
16.03.2022	Statsbudsjett 2022 - Tilskuddsbrev kommunal kompensasjonsordning for lokale virksomheter (L)(650778) (004)	1709445



DET KONGELIGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Ifølge liste

Deres ref

Vår ref

Dato

21/1215-133

22. desember 2021

Statsbudsjett 2021- Tilskuddsbrev kommunal kompensasjonsordning for lokale virksomheter

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) viser til Prop. 195 S (2020-2021)-*Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2021* og Prop. 79 S (2020-2021)*Økonomiske tiltak i møte med pandemien*.

KMD følger med dette opp vedtaket til Stortinget 21. desember 2021 for nysaldert statsbudsjett 2021, Prop. 36 S (2021-2022), om å bevilge nye 500 millioner kroner til kommunene, over kap. 553, post 68 *Kommunal kompensasjonsordning for lokale virksomheter*. Departementet tildelte første del av tilskuddet på 1 milliard kroner 25. februar 2021, andre del av tilskuddet på 750 millioner 15. april 2021, tredje del av tilskuddet på 750 millioner 25. juni 2021, fjerde del på 330 millioner 11. oktober 2021 og femte del på 208 millioner kroner 17. desember 2021.

I samsvar med budsjettbehandlingen på Stortinget gjennomføres det nå en sjette tilskuddsrunde. Hensikten er å avhjelpe situasjonen i kommuner med næringsliv som igjen rammes av nye smittevernstiltak

Departementet forventer at kommunene tildeler midlene til bedriftene raskest mulig for å bedre situasjonen for bedrifter og deres ansatte.

Fordeling og utbetaling

Rammen til kommunene er på totalt 500 millioner kroner. Alle kommuner får 250.000 kroner i grunnbeløp. De øvrige 411 millioner kroner fordeles etter antall ansatte i serverings- og overnattingsvirksomheter og reisearrangører i 1. kvartal 2021.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Regionalpolitisk
avdeling

Saksbehandler
Iver Grøtting
Prestkvern
22 24 70 53

Vedlegg 1 viser fordelingen av tilskuddene per kommune.

Detaljene om tildelingskriterier og grunnlagsdata ligger på departementets [nettside](#).

Midlene vil bli utbetalt i løpet av få dager.

Mål for tilskuddet og krav til bruk av tilskuddet

Målet med ordningen er å sette kommunene raskt i stand til å avhjelpe situasjonen for lokale virksomheter for å opprettholde arbeidsplasser og viktig kompetanse i bedrifter.

Statsstøtteregelverket

Kommunenes støtte til virksomheter må være i samsvar med regelverket for offentlig støtte. Nærings- og fiskeridepartementet har laget en [veileder i offentlig støtte](#). KMD har notifisert en *nasjonal paraplyordning* (godkjent av ESA 16. april 2021) for bruk av den kommunale kompensasjonsordningen. Departementet ber kommunene bruke den notifiserte ordningen for alle tilskudd i denne sjette tildelingsrunden fra departementet.

Notifisert ordning under Covid-19-rammeverket eller under andre deler av regelverket.

Virksomheter som var i vanskeligheter per 31. desember 2019, ref gruppeunntaksforordningens artikkel 2, paragraf 18, kan ikke tildeles støtte.

ESA har godkjent en utvidelse av notifisert ordning, til 30. juni 2022, samt hevet beløpet for hva hvert foretak kan motta i tilskudd, til 2,3 millioner Euro. Kommunene skal fordele midlene så raskt som mulig til næringslivet. Gjenværende midler skal tilbakebetales. Eventuelle tilbakeføringer av støtte, eller ubrukte midler som følge av frafall av tilsagn på et senere tidspunkt, skal også tilbakebetales til KMD, innen 1. september 2022.

Departementet har laget et søknadsskjema for den notifiserte ordningen, som sikrer at tildelinger skjer i henhold til Covid-19 rammeverket for tildeling av offentlig støtte. Nærmere informasjon om ordningen ligger på [regjeringen.no](#) og [regionalforvaltning.no](#). KMD har også laget en veileder til kommunene for bruk av ordningen, sendt 26. april 2021.

